

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Tre representantar stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er med i styret for museum: **Sveinung Valle** (leiar i styret for Museumssenteret Hordaland), **Mona Røsvik Strømme** (styremedlem i KODE) og **Astrid F. Selsvold** (styremedlem i Hardanger og Voss museum). Representantane gjekk frå medan spørsmålet om dei var ugilde vart drøfta.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Valle, Strømme og Selsvold ikkje var ugilde. jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet for 2014, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka.
2. Fordeling av museumsplanmidlar for 2014, 2,1 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det einskilde tiltak, men ikkje spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjon. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak for vedtak i kultur- og ressursutvalet.